

Mottakar:

Lindås kommune

postmottak@lindas.kommune.no

Avsender:

Nadia Storetvedt Khateeb

nadkhateeb@gmail.com

Johan Hjorts vei 22

5081 Bergen

Bergen, 23.10.2017

Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19

Nadia Storetvedt Khateeb eig saman med tre søsken (Ahmed Akef Khateeb, Marie Akef Khateeb og Josef Khateeb) ei ubygd, men planert tomt på Erstadfjellet, 1252 Lindås. Gardsnummer for tomta er 140 og bruksnummeret er 50, og ho er på 1066 kvm. Vi vurderer å bygge bustad eller selje tomta, og søker difor om dispensasjon frå arealdel av kommuneplanen 2011-2023, for at vi eller mogleg framtidig kjøpar kan bygge bustad på ho.

Vi ber også om at søknaden om dispensasjon blir tatt omsyn til i samband med rullering av ny arealdel i kommuneplan som skal gjennomførast av Lindås kommune hausten 2017.

Området er no regulert som eit LNF-område med spreidde bustader. Frå 2007 har det vore løyve for å bygge bustad på tomta, men ho er no tilbakeført til LNF-område. Tomta er ei av fleire tomter som har vore utskild frå eit gardsbruk (gnr. 140, bnr. 4) som har vore i familien frå 1942. Dei fleste av desse tomtene står det no bustader på. Gardsbruket er eigd av Svein Kjetil Storetvedt som er vår onkel. Tomta blei i 2007 gitt i gåve til vår mor, Inger Helen Storetvedt-Khateeb. Ettersom ho ikkje har sett seg i stand til å bygge som planlagt på tomta, har ho i inneverande år overført tomta til sine barn.

I dag er det fleire bustader som omkransar tomta. Det har ikkje vore drive jordbruk på den delen av garden der tomta ligg så lenge han har vore eigd av familien. Grunngivinga frå kommunen i utgreiinga til delingssak – gnr 140/4, 37 (sjå ref. 1), legg vekt på at delinga ikkje vil føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruksdrift i området. Vi meiner at denne argumentasjonen også må gjelde i dag.

Tomta blei planert i samband med oppføring av hus på ei nabotomt (gnr. 140, bnr. 49). Det er gjeve løyve frå kommunen til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp frå kommuneveggen (sjå referanse 2).

Med helsing,

Nadia Storetvedt Khateeb

Vedlegg:

Vedl. 1: Stadfesting på at nabovarslar er sendt

Referansar:

Ref. 1: Delingssak – gnr. 140/4, 37 – areal til bustad, dykkar ref. 2006/4121 – 11463/2006

Ref. 2: Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø frå kommuneveg, dykkar ref. 2006/4121 – 0
– 9942/2007